



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Høyringsvar om forslag til endringar i reglane om interkommunalt samarbeid etter kommunelova

Samandrag:

Kommunal- og distriktsdepartementet har sendt på høyring forslag om endringar i reglane om interkommunalt samarbeid etter kommunelova. Høyringa gjeld mellom anna forslag om å opne for at kommunalt oppgåvefelleskap kan få delegert mynde til å gjere enkeltvedtak og utøve anna offentleg mynde, presiseringar og klargjeringar i reglane om kommunalt oppgåvefelleskap og interkommunalt politisk råd, og endringar i reglane om vertskommunesamarbeid.

Høyringsvaret er utarbeidd som ein felles uttale frå Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta kommunar. Uttalen byggjer på kommunane sine erfaringar med interkommunalt samarbeid på Søre Sunnmøre, og peikar særleg på behovet for eit regelverk som er meir fleksibelt, praktisk anvendeleg og tilpassa både små og større.

Kommunedirektøren si tilråding:

Herøy kommune sluttar seg til høyringsvaret til Kommunal- og distriktsdepartementet si høyring om forslag til endringar i reglane om interkommunalt samarbeid etter kommunelova, slik høyringsvaret ligg føre.

Vedlegg:

Høyringsvar endring kommunelova 2026

høringsnotat-om-endringer-i-reglene-om-interkommunalt-samarbeid

Saksopplysningar:

Kommunane på Søre Sunnmøre har sidan 2025 samarbeidd om eit strukturert utviklingsarbeid for å styrkje og vidareutvikle interkommunalt samarbeid. Arbeidet er forankra i ein felles grunnavtale, og har som mål å vidareutvikle eksisterande samarbeid, etablere nye samarbeidsløysingar og finne meir heilskaplege former for styring og organisering i regionen.

Som del av dette arbeidet har kommunane utgreidd og etablert fleire konkrete samarbeid, mellom anna interkommunalt samarbeid om dokumentasjonsforvaltning, felles økonomikontor og utviding av eksisterande samarbeid. Erfaringane viser at interkommunalt samarbeid i mange tilfelle er ein nødvendig føresetnad for robuste fagmiljø, tilstrekkeleg kompetanse, forsvarleg sakshandsaming og berekraftig ressursbruk.

Høyringsvaret støttar hovudretninga i dei føreslegne lovendingane, men peikar samstundes på nokre område der regelverket bør gjerast enklare og meir fleksibelt. Dette gjeld særleg høvet til å organisere mindre administrative oppgåvefellesskap utan eige rettssubjekt på ein enklare måte, behovet for enklare retningslinjer og rettleiarar i forholdet mellom kommunelova og anna relevant regelverk.

Vurdering og konklusjon:

Forslaga frå departementet rører ved sentrale rammer for korleis kommunane kan organisere og utvikle interkommunalt samarbeid framover. For mindre og mellomstore kommunar er dette særleg viktig, fordi samarbeid ofte er nødvendig for å sikre kvalitet, kapasitet og kompetanse i tenestene.

Høyringsvaret gir uttrykk for at kommunane støttar hovudretninga i lovforslaga, og at endingane kan gi eit meir formålstenleg og fleksibelt regelverk. Kommunane er særleg positivt på forslaget om å gje oppgåvefellesskap mynde til å gjere enkeltvedtak. Samstundes løftar uttalen fram praktiske erfaringar frå Søre Sunnmøre som viser at dagens regelverk til dels kan vere ressurskrevjande og lite tilpassa mindre administrative samarbeid.

Utskrift vert sendt til:

Kommunal- og distriktsdepartementet

Trond Arne Rossi Aglen

Kommunedirektør
